
Fra: Laila Melkevoll <Laila.Melkevoll@hfk.no>
Sendt: 7. mai 2014 15:21
Til: Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Odda kommune; Ullensvang herad; Eidfjord kommune; Granvin kommune; Samnanger kommune; Os kommune; Askøy kommune; postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Austevoll kommune; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune
Emne: SV: Påminning: Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14 mai 2014
Vedlegg: Invitasjon til festmøte og festmiddag 14 mai 2014 frå Hordaland fylkeskommune.pdf

AttachmentCollectionEntryId: | C:\Users\laimelk.HFK\AppData\Local\Microsoft\Windows\Temporary Internet Files\Content.Outlook\GFQC6MGJ\Invitasjon til festmøte og festmiddag 14 mai 2014 frå Hordaland fylkeskommune.pdf

Til postmottak for vidaresending

Til ordførar,

På vegner av fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes sender eg ei siste påminning om invitasjon sendt 11. mars 2014 til alle kommunar i Hordaland til å sende ein representant for si kommune til å delta på festmøte og festmiddag for Grunnlova 14. mai 2014. Dersom de har gløymt å melde på dykkar representant, så ber vi om at de gjer dette snarast og innan utgangen av arbeidsdagen torsdag 8/5. Det er høve til etterregistrering på skjema på denne lenkja: <https://skjemaker.app.uib.no/view.php?id=425180>

Det hadde vore veldig kjekt om alle kommunar var representerte på festmiddagen, så vi vonar at de kan sende ein representant. Invitasjonen ligg vedlagt, og vi viser til tidlegare korrespondanse som framgår i epostrekkja nedanfor.

Med helsing

Laila Melkevoll

Rådgjevar | Koordinator Grunnlovsjubileet



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Tlf.: 55 23 99 55 | 930 34 668 | laila.melkevoll@hfk.no
www.hordaland.no/grunnlovsjubileet
www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland

Fra: Laila Melkevoll
Sendt: 30. april 2014 16:40
Til: ordførarar i Hordaland
Kopi: Mona Haugland Hellesnes
Emne: Påminning: Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14 mai 2014

Gode ordførarar!

Mange av dykk har alt meldt på fine representantar frå dykkar kommune til å delta på festmiddagen og kan sjå vekk frå denne påminninga. Sidan påmeldingsfristen nærmar seg, tillet eg meg å minne om invitasjonen på vegner av Mona H. Hellesnes.

Påmelding innan 5. mai på lenka [her](#)

Vedlagt ligg invitasjonen på nytt, og sidan sist kan eg med glede melde at eit stort arbeid er lagt ned i å representere heile fylket også i menyen som skal serverast. Sjå gjerne våre nettsider for meir informasjon om dette, www.hordaland.no/festmeny

Med ynskjer om ein fin mai-månad!

Med helsing

Laila Melkevoll

Rådgjevar | Koordinator Grunnlovsjubileet



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen
Tlf.: 55 23 99 55 | 930 34 668 | laila.melkevoll@hfk.no
www.hordaland.no/grunnlovsjubileet
www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland

Fra: Laila Melkevoll

Sendt: 11. mars 2014 10:35

Emne: SV: Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14 mai 2014

Gode ordførarar,

Som fleire av dykk allereie har melda attende til meg, så kolliderer denne invitasjonen med arrangement i Oslo som mange av dykk har tenkt å delta på. Dette er vi klar over, og vi orsakar at det ikkje var høve til å finne annan dato for festmøte og festmiddag her i fylket. Vi meinte likevel at det var rett av invitasjonen gjekk til ordførarar, som øvste leiing for kommunane.

Som det framgår av invitasjonen, så inviterer vi ein representant for dykkar kommune til å delta på vårt arrangement. Gjerne ein person som har betydd noko særskilt for demokratiet i dykkar kommune. Det kan til dømes vere ei lokal eldsjel, leiav ein frivillig organisasjon, tidlegare ordførar eller engasjert ungdom. Til det sistnemnde, så har vi også invitert blant mange andre ungdomens fylkesutval til festen, så der er nokre andre ungdomar. Denne representanten må de då sende invitasjonen vidare til. Påmelding på denne lenkja: <https://skjemaker.app.uib.no/view.php?id=425180>

Eg ynskjer dykk alle ein fin dag!

Helsing Laila Melkevoll

Fra: Laila Melkevoll

Sendt: 11. mars 2014 09:29

Til: ordførarar i Hordaland

Emne: Invitasjon til festmøte og festmiddag i Hordaland 14 mai 2014

Til ordfører,

På vegner av fylkesvaraordfører Mona H. Hellesnes sender eg denne invitasjonen frå Hordaland Fylkeskommune. Sjå vedlagt invitasjon.

[Påmelding innan 5. mai](#)

Med helsing

Laila Melkevoll

Rådgjevar | Koordinator Grunnlovsjubileet

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Tlf.: 55 23 99 55 | 930 34 668 | laila.melkevoll@hfk.no

www.hordaland.no/grunnlovsjubileet

www.facebook.com/grunnlovsjubileet2014hordaland